

Årsmelding 2008 for Glomsdalen beitelag BA

Årsmelding ble avholdt på Glomnes søndag 02.11.08 .

Beitelaget har eit nytt år bak seg med 2 nye medlemar.

Vi hadde første sauene til fjells ca 19/5 og dei siste kom heim i desse dager.

I år slepte vi 189 sauer 358 lam og 41 storfe på beite ,
vi fekk heim 181 sauer 325 lam og 41 storfe .

Dette blir 7 tapte sauer 33 tapte lam og 0 tapte storfe.

Dei som har størst tapstall er dei som slepper først og går lengst heime i dalen – kan det være dei minste lamma som stryk med tidlig i sesongen eller er det pga.at dei går litt lavare i terrenget (i skogen med flugemakk o.l) ?

Vi har mistanke til Jerv i Glomsdalen , dalen grensar til Skjæringsdalen som det er påvist jerv i, men vi har ingen bevis for at her er jerv - anna en tapstala som synest litt høgare en dei burde.

Laget består i år av: Alf Terje Glomnes , Lars Helge Øvreflo Kveen , Gunnar Hjelle , Nils Olav Nesje , Kolfinn Bolstad og Egil Bolstad

Vi har ikkje hatt nokon organiserte samlingar som styremøter, felles sanking eller arbeid i fjellet. Men vi har likevel nokre timar kvar for oss med og holde stiar framkomlege , ettersyn og sanking.

Totalt har vi registrert 106 dagsverk til sanking og rydding . Vi har hatt jevnlig kontakt via telefon eller når vi treffast så det har ikkje vore nødvendig med formelle fellesmøter.

Vi har heller ikkje fellessanking fordi sauene våre går «kvar for seg» i kvar sine områder.

Vi har hatt folk frå kommunen for å sjå på mulighetene for ny veg opp kleivane , dette kjem til å bli svært dyrt , så standaren på vegen må vurderast nøye.

Vi har litt penger på konto som vi (i år som ifjord)sparer til bruer over småelvane i dalen.

Vi har ikkje hatt nokon utgifter utover litt bensin og liknande som vi har dekt sjølve.

Laget disponerer kontonr. 3705.09.52879 og har pr.1/11-08 kr 7721.- på bok

For Glomsdalen beitelag

Alf Terje Glomnes

GLOMSDALEN BEITELAG BA

Glomnes

6798 Hjelledalen

Org.nr. 988 846 848

Leiar Alf Terje Glomnes

beitelag@glomnes.no